

30.000 frå Extrastiftelsen til GULL AV GRUS.

20.11.2015



Slik vert aktivetsområdet.

Uskedal helselag har no fått melding om at dei har fått tildelt 30.000,- kroner frå Extrastiftelsen. Helselaget har fått midlane på bakgrunn av søknad om midlar til GULL AV GRUS-prosjektet. Midlane skal brukast til utvikling av aktivetsløypa som snart kjem på området rundt den nye kunstgrasbanen.

- Dette er veldig kjekt, og det betyr mykje for å kunna komma vidare med prosjektet. Desse pengane kjem veldig godt med når alt blir gjort på dugnad. Både vi i helselaget og bygda elles takkar veldig for pengane, helsar Marian Rød Hauso i styret i Uskedal Helselag til avisa Kvinnheringen.

Aktivetsløypa er ein del av byggetrinn 2 der arbeidet no er i full gong. Entreprenør S. Myklebust Maskinstasjon AS har alt gjort mykje arbeid. I aktivetsløypa vert det tursti og treningsapparat, og sitjegrupper med bålpanner. Det er denne løypa Extrastiftelsen har løyvd pengar til, og helselaget skal no i gang med å undersøkje kva apparat ein skal ha til løypa. Den skal nemleg vera tilpassa alle aldersgrupper, og i tillegg rullestolbrukarar og barnevogner. Aktivetsområdet vert ein samlingplass for alle aldersgrupper.



Arbeidet med aktivitetsløypa er godt i gang.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Espen Eik